



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

FYLKESTINGSVALET 2015

Kontrollteljing 16.-23. september



Fylkesvalstyret sine oppgåver

- «*Valgstyret er ansvarlig for opptelling av stemmesedler. Oppetellingen foretas av de personer og på den måten valgstyret har bestemt.*»
 - Administrasjonen i fylkesadministrasjonen står for det praktiske arbeidet, i samarbeid med Bergen kommune. Felles skannersenter.

Valoppgjøret

- Valet er 14. september.
- Kommunane skal ha ein urneteljing og ein førebels teljing av fylkestingsrøystesetlane. De leverer valmateriellet onsdag 16. september på Bergen rådhus.
- Fylkeskommunen føretok endeleg teljing av fylkestingsrøystesetlane, 16.-18. september.
- Fylkeskommunen skriv protokollen frå kontrollteljinga, 19.-20. september.
- Fylkesvalstyret godkjenner valresultatet på fylkesvalstyremøtet 23. september.

Korleis er oppleggget på rådhuset?

- Alle kommunane vert tekne imot i resepsjonen av to tilsette frå fylkesadministrasjonen.
- Ein og ein kommune kjem inn til mottaket i 2. etasje.
- Dei tilsette frå fylkeskommunen hjelpar dykk med å bere valmateriellet.
- Mottaket består av to tilsette frå fylkeskommunen som sjekkar valmateriellet opp mot kvitteringa.
- Kvitteringane vert underskrive; kommunen får ein og ein følgjer valmateriellet vidare.

Tidsplan 16. september

- Kommunane vert delt inn i to puljar:
 - Pulje 1 leverar valmateriellet på Bergen rådhus kl 11-13.

Sveio	Stord	Bømlo	Fitjar
Tysnes	Etne	Kvinnherad	Odda
Ullensvang	Eidfjord	Ulvik	Granvin
Modalen	Masfjorden	Austrheim	Bergen
Fedje			

Tidsplan 16. september

- Kommunane vert delt inn i to puljar:
 - Pulje 2 leverar valmateriellet på Bergen rådhus kl 13-15.

Jondal	Os	Fjell	Sund
Askøy	Meland	Radøy	Øygarden
Austevoll	Lindås	Osterøy	Samnanger
Vaksdal	Voss	Fusa	Kvam

Kvitteringa

- Fyll ut før de kjem:
 - Kommune
 - Tal på esker for kvar teljekategori
 - Tal på strekkodar for kvar teljekategori
 - Kommentar dersom tal for esker og strekkodar ikkje stemmar
 - Kontaktinfo til den som er ansvarleg for møteboka.
- Fyllast ut i mottaket:
 - Levert
 - Mottatt kl.
 - Underskrift frå valansvarleg/den som leverer valmateriellet og den som tek i mot valmateriellet.

Dersom noko manglar eller er uklart?

- Det er dykkar ansvar at valmateriellet er tilfredstillande pakka. Dersom det er mange manglar kan de verte bedt om å rette opp manglane før dykk får levere valmateriellet.

Møteboka

- Alle avvik må kommenterast.
- Kommentarane må vere slik at dei kan forståast fem dagar seinare av nokon som ikkje deltok på kommunen sin oppteljing.
- Dersom vi treng ein oppklaring vil vi ta kontakt med den som er oppført på kvitteringa. Vedkommande må derfor ha kunnskap om møteboka og innhaldet i valmateriellet. Dette kan skje når som helst i tida etter innlevering, inkludert helga.

Valmateriellet

Valstyret skal sende følgjande valmateriell til fylkesvalstyret:

- Teljekategoriar:
 - alle ordinære førehandsrøystesetlar – med strekkode
 - alle seint innkomne/lagt til side – med strekkode
 - alle ordinære valtingsrøystesetlar – med strekkode
 - alle røyster i særskilt omslag – med strekkode
 - alle framandrøyster/(alle beredskapsrøyster) – med strekkode
- Anna:
 - alle forkasta røystegjevingar
 - alle valkort frå førehandsrøystegjevinga
 - alle omslagskonvoluttar frå førehandsrøystegjevinga utanriks og på Svalbard og Jan Mayen
 - stadfesta avskrift av det som er protokollert i samband med fylkestingsvalet (møtebok)
 - kopi av innkomne klager

Kontrollteljinga

- Fylkeskommunen skannar alle røystesetlane. Derfor er det viktig at:
 - De ikkje pakkar teljekategoriane i retta og uretta.
 - Stempel er svart
 - Røystesetlane er bretta ut når dei er pakka, ikkje ligg bretta i A5-format.
 - Røystesetlane for blinde ikkje ligg samla, minst ein «vanleg» røystesetel mellom kvar.
 - Røystesetlane ikkje ligg i fleire konvoluttar på 50 setlar, slik som ein teljar manuelt
 - Strekkodane til alle eskene som de registrerer i EVA Admin følgjer med valmateriellet.
 - Dersom det er til dømes to kassar skrivar de ut strekkodar der det står 1/2 og 2/2, ikkje 1/1 og 1/1
 - De pakkar slik dykk teljar; kretsvis vs sentral teljing.